



STØTTAR: Rune Osa i FT&IF Arkiv

Floramila går til inntekt for Keilevågbrua

FLORØ: Med joggesko og nummer på brystet kan du vere med på å reopne Keilevågbrua neste laurdag.

DAG NESBØ FRØYEN
dag@firdaposten.no

– Det er klart vi har ikkje noko økonomi i arrangementet etter at

vi har betalt deltakaravgift, stadi-onleige og premierung, men vi fann ut at dette er eit så viktig tiltak at vi ville vere med å bidra, seier leiar i friidrettsgruppa Rune Osa.

50 kroner av deltakaravgifta både på 5- og 10 kilometeren har FT&IF bestemt skal gå til brua og bli del av kronerullinga. Deltaka-

avgifta er i år som i fjor på 160 kroner.

I år er den 34. gongen Floramila blir arrangert og kvart år sidan Keilevågbrua vart bygd på 80-talet har toget av deltakarar trampa over brua. Men i fjor og i år har traseen gått ei alternativ løype på grunn av at brua har vore stengt.

– Vi håper med denne gimmicken å vere med å støtte opp under viktig lokalt prosjekt folk er opptekne av. I tillegg ønskjer vi at Floramila neste år vil kunne gå over Keilevågbrua igjen. Den knyt saman ein viktig del av turområda vi har på Florølandet, påpeiker Osa.

Næringslivet tek ansvar

FLORØ: STX, Nortekstil/BB Gruppen og INC er klare sponsorar. No kjem Trygve Ullaland AS inn og fyller sponsorholet i prosjektet. Over helga går dei i gang på første steg.

DAG NESBØ FRØYEN
dag@firdaposten.no

– Vi gjorde eit kjapt styremøte kring kjøkkenbordet heime, og fann ut at dette ville vi vere med på, seier Anna Ullaland og smiler. No har ho fått sonen Thor-Arne i firmaet Trygve Ullaland AS på plass med maskin til å sikre tilkomsten på nordsida av Keilevågbrua. Det var også dette fjerde sponsorbeinet som løyste floka i prosjektet. Sponsorane er saman med støtte frå Sparebanken Sogn og Fjordane og deira engasjement med å doble kvar krone som blir innsamla. Men kronerullinga har ikkje hatt den snøballeffekten i starten banken hadde håpa på. Dermed tok støttespelarane i næringslivet tak i saka.

Søstre for bru

For det er sponsorane med dei to søstrene Ester Belsvik (Nortekstil/BB Gruppen) og Anna Ullaland (Trygve Ullaland AS) i spissen som har fått med seg STX og INC til å sparke fortløp i arbeidet.

– Det er forkasteleg at brua no har vore stengt i over eit år og at vi som fellesskap ikkje har klart å finne ei løysing til å ta vare på den. Det viktige området brua binder i hop er eit ynda turområde og at vi ikkje klarer å ta vare på dette vil eg faktisk karakterisere som forkasteleg, slår Belsvik fast



TRØR TIL: Museumsdirektør Berit Høivik t.v. gler seg over at sponsorane Ester Belsvik (Nortekstil/BB Gruppen), Anna Ullaland (Trygve Ullaland AS) og Hans Hamrerseth (STX) saman med INC gjer Keilevågbru-prosjektet mogleg. No står prosjektet på folkestøtte og kronerulling. Foto: Dag Nesbø Frøyen

og har eit tydeleg engasjement i å få opna området igjen.

Treng folkestøtta

Det som står att i prosjektet er folkestøtta i form av kronerulling. Sparebanken Sogn og Fjordane har nemleg sagt dei vil støtte kronerullinga inn til 375.000 kroner. Det betyr at kvar krone ein gir til

prosjektet vil bli dobla av banken då dei ser på dette som å kvittere for eit folkeengasjement. For oss som rullar kroner for bru betyr det god avkastning.

For dei som har sakna turområdet kring Keilevågen vil også få meir i sjå fram til etter at brua er opna. Museet har planlagt å lage ein universelt utforma veg utover

Brendøya. I tillegg har Sørstrand Folkepark klare intensjonar om å knyte folkeparken saman med Kystmuseet i aust. Det vil seie at dei planlegg ein ny turveg forbi Snorreankeret ved Kystmuseet og langs Austvika til Sorstrand. Då vil området bli opna i ein heilt anna skala enn i dag for turfolk.

KEILEVÅGBRUA

- I fjor vår måtte gangbrua over Keilevågen stengjast då pålâne den står på var skadd av pålemakk.
- Kystmuseet som eigar hadde ikkje pengar til utbetring og måtte stenge.
- Utbetringa kjem på 2,1 mill. eks mva.



KLAR: Thor-Arne Ullaland går i gang med sprenging av tilkomsten på nordsida rett over helga. Foto: Dag Nesbø Frøyen

– Vi startar opp rett over helga

FLORØ: Allereie i neste veke startar Thor-Arne Ullaland arbeidet med å sprengje bort to knausar på nordsida av brua for å sikre tilkomst for betong- og kranbil.

Den pålemakkinfiserte Keilevågbrua er så skadd at den ikkje kan vedlikehaldast. Den må totalrenovert og kostnaden er på heile 2,1 millionar pluss moms.

I denne prisen ligg det bruhovud på nord og sørsida samt på holmen midt i vågen. Mellom desse skal det monterast limtredegraga-

rar til å bere vekta.

Sjølv om brua no får ei ny og annleis bering, vil den framleis ha det visuelle inntrykket den har i dag. Etter det vi kjenner til kjem Skanska til å starte suksessivt med brua etter at Ullaland er ferdig med tilkomstvegen. Dermed skulle prosjektet gå mot ei løysing halvanna år etter stenginga.

Direktøren ved Kystmuseet Berit Høivik ser verdien av forbetringa av tilkomsten i nord som positiv også for Nilsenslippen som no får langt betre tilkomst enn før.

Kystmuseet bygde Keilevåg-

brua på 80-talet og er eigar av brua. Mange har difor vore kritiske til kronerullinga då dei hevdar vedlikehald av museet sin eigedom er ei fylkeskommunal eller statleg oppgåve. Men her presiserer Høivik at Kystmuseet er ei privat stifting konsolidert i eininga Musea i Sogn og Fjordane som også er organisert som ei eiga stifting. Avdelingsbudsjettet til Kystmuseet har ikkje frie midler til å kunne løfte eit rehabiliteringsprosjekt som Keilevågbrua. Difor har Kystmuseet initiert kronerullinga som no er sett i verk.